LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 05.12.2019 |
| Vår: 19/3280 - 19/36430 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Oversender søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot veg til handsaming etter veglova - gbnr 188/592 Gjervik ytre

| | |
| --- | --- |
| Tiltak: | støyskjerm |
| Byggjestad: | Gbnr: 188/592 |
| Tiltakshavar: | Lindås kommune |
| Ansvarleg søkjar: | Knut Willie Jacobsen |

Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå byggjegrense mot E 39 for oppføring av støyskjerm.
Det går fram av innsendte situasjonskart at to avkøyrsle skal stengast og fortau skal fjernast, vi gjer merksam på at denne søknaden kun gjeld for støyskjerm.

**Planstatus**
Arealet ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Felt E Såta plan- id 1263-19831605 er definert som køyreveg.



**VURDERING**

Det er av multiconsult utført ei støymåling som ligg til grunn for denne søknaden. Denne ligg på sak vår referanse 19/2193, denne ligg som vedlegg i oversendinga.

Når det gjeld tiltaket er det vurdert til å vere i samsvar med planføremålet og inngår som anlegg knytt til veg.

**Dispensasjon**
Tiltaket ligg innafor byggjegrense mot veg E 39 og det er difor naudsynt å handsame søknad om dispensasjon etter veglova før vi kan handsame sjølve byggjesaka.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).
Vi syner til brev i frå Statens vegvesen vedkomande forlenga frist for handsaming av dispensasjonssakar og sakar til uttale datert den 19.11.2019. Vi forlengar difor frist med **3 veker**, dette til orientering.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta | Ingrid Bjørge Pedersen |
| avdelingsleiar | rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 188/592 Gjervik ytre
Søknad om løyve til tiltak - Orginal pdf
Søknad om løyve til tiltak gbnr 188/592 Gjervik ytre
Opplysningar om ytre rammer
Søknad om dispensasjon
Støyberegning Multiconsult

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen Region vest | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |